



Til høyringspartar (sjå adresseliste)

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	24/9459 - 25/20348	Per Gunnar Løset -	19.02.2025

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Ålesund kommune - Detaljregulering for del av Fv. 659 – Finnøybrua - gbnr. 803/206 m.fl.

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 varslar Møre og Romsdal fylkeskommune oppstart av detaljregulering for del av Fv. 659 – Finnøybrua - gbnr. 803/206 m.fl. i Ålesund kommune.


Målsetjinga med planarbeidet er å legge til rette for å erstatte dagens bru på fv. 659 mellom Harøya og Finnøya med ny bru, forbetring av kurvatur og tilpassing til dagens veg på begge sider av brua. Det blir naudsynt med fylling i sjø for å heve og breiddeutvide deler av moloen slik at veg- og brubreidde blir i samsvar med vegnormalane og fyller krava til sikkerheit mot framtidig stormflo. Det planleggast for tilrettelegging for mjuke trafikantar. Seglingshøgda under brua skal oppretthaldast på minst 4 m (HAT). I anleggsperioden skal det etablerast ei mellombels bru for trafikkavvikling, og båttrafikken gjennom sundet kan blir noko avgrensa av ei lågare mellombels bru og naudsynt stenging av sundet i periodar.

I kommunedelplanens arealdel er området avsett til formål «Veg». I sjø er det avsett formål «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone». Deler av sjøarealet rører ved omsynssone (H_720) om bandlegging etter lov om naturvern. Området er ikkje tidlegare detaljregulert.

Det er vurdert at planarbeidet ikkje utløyser krav til konsekvensutgreiingar, jf. gjeldande KU-forskrift.

Det er gjennomført grunnboringar og kartlegging av naturverdiar i området. Nærare omtale av tiltaka kan lesast i vedlagte planinitiativ og referat frå oppstartsmøtet med kommunen.

Planområdet ligg imellom Litle Straumskjeret ved Steinshamn og Straumskjeret nær Finnøya, og er vist i kartet under. Det er ikkje venta at planområdet rører direkte ved private eigedomar.



Innspel til planarbeidet eller andre relevante opplysningar kan sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune, Julsundvegen 9, 6412 Molde, på e-post til: post@mrfylke.no eller via digital post.

innan 21. mars 2025.

NB! Merk uttalen med saksnr: 24/9459

Grunneigarar og rettshavarar innanfor planområdet, naboar, offentlege styremakter og organisasjonar blir vasla direkte med dette brevet.



Spørsmål kan rettast til planleggingsleiar Per Gunnar Løset på tlf. 943 65 962 eller e-post: per.gunnar.loset@mrfylke.no

Du kan finne meir informasjon om saka på heimesidene til Møre og Romsdal fylkeskommune og til Ålesund kommune, eller ved å skanne QR-koden.

Vi gjer merksam på at det ikkje blir sendt direkte svar til den som sender innspel til oppstartsvarelet. Alle innspel vil bli vurderte og kommenterte i planforslaget som blir lagt ut til offentlig ettersyn.

Med helsing

John Hauger
seksjonsleiar

Per Gunnar Løset
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg:

Referat fra oppstartsmøte (signert).pdf
Planinitiativ Fv. 659 Ny Finnøybru - Datert 04.12.2024.pdf
Kart med forslag til planavgrensing.pdf
Notat - Vurdering av behov for konsekvensutredning.pdf

Mottakere:

Alexander Ulvestad
Alf Valde
Anne Karin Marøy
Astrid Jartrud Eidsvik
Attvinn Produksjon AS
Avinor AS
Bergen Sjøfartsmuseum Stiftelsen Museum Vest
Bjørktun AS
Bjørn Lyngstad
Direktoratet For Mineralforvaltning Med Bergmesteren For Svalbard
Direktoratet For Samfunnssikkerhet Og Beredskap (dsb)
El & It Nordvestnett
Evy Jorunn Ramstad
Fiskeridirektoratet
Forum For Natur Og Friluftsliv I Møre Og Romsdal
Frank Harneshaug
Fredrik Ulvestad
Glen Allan Bradley
Helge Sæbjørn Hansen
Idar Ramstad
Iris Merete Finnøy
Kristin Vadseth Sand
Kystverket
Mattilsynet

Mottakere:

Møre Og Romsdal Fylkeskommune

Naomi Amenze Valde

Naturvernforbundet I Ålesund Og Omegn

Nils Levin Harneshaug

Nina Hageselle

Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve)

Norsk Ornitologisk Forening Ålesund Og Omegn Lokallag

Rofisk As

Sindre-Roar Drønnen

Statens vegvesen

Statsforvaltern i Møre og Romsdal

Steinshamn Småbåtlag

Stian Svensli

Stiftelsen Museum Vest

Svein Ernst Reiakvam

Tor Inge Sand

Tor Inge Sand

Torbjørn Pilskog

Torbjørn Tvedt

Tore André Ulvestad

Ulvest As

Vy Buss As

Ålesund Brannvesen Kf

Ålesund Kommune